



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 03.04.2025
Møtetid: 16:00 - 22:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordførar	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordførar	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Ugild i sak nummer PS21/25		
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Roy Husebø	Medlem	INP
Trygve Tønnessen	Medlem	U
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Johannes O Borge	MEDL	H

Kurt Ove Øksnes	MEDL	FRP
Renathe Tangen	MEDL	V
Helge Valestrand Edvardsdal	MEDL	SP
Bjarte Hammer Aarland	MEDL	KRF
Roy Håkon Jenssen	MEDL	SV

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Jostein Revheim		SP
Ingunn Vedå		FRP
Tor Georg Hella		H
Ann Kristin Åkerlund Riise		KRF
Synne Thunestvedt		SV
Odd Roald Ravndal		V
Leiv Ragnar Revheim		FRP

Gildskapsvara i sak nummer PS21/25
for Ragnar Tyssebotn.

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær

Kommunedirektør

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur

Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
RS 14/25	Synfaring: Osterøy ungdomsskule 15:00
RS 15/25	Orientering frå IKT Nordhordland
PS 15/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/25	Godkjenning av møtebok 20.02.2025
PS 17/25	Referatsaker og meldinger
RS 16/25	Fråsegn frå Osterøy Heradsstyre om rekkefølgekrav på reguleringsplan Holmane Næring
RS 17/25	Protokoll frå styremøte IKT Nordhordland 07.03.2025
RS 18/25	Årsmelding for Nordhordland kompetanseregion
RS 19/25	Fråsegn om rekkefølgekrav - Reguleringsplan Holmane Næring
PS 28/25	Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule
PS 21/25	Høyringsvar - Småkraftverk - Tyssebotn kraftverk
PS 18/25	Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming
PS 19/25	Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial
PS 20/25	Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.
PS 22/25	Tilleggsføring oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025
PS 23/25	Barnehagestruktur 2025
PS 24/25	Folkevald medverknad i budsjettprosessen
PS 25/25	Val av råd til Osterøy frivilligsentral 2025
PS 26/25	Retningslinjer for fritidskasse
PS 27/25	Reglement for spørsmål frå folkevalde
PS 29/25	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner
EV 1/25	Evaluerings

Lars Fjeldstad

Ordfører

RS 14/25 Synfaring: Osterøy ungdomsskule 15:00

RS 15/25 Orientering frå IKT Nordhordland

PS 15/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 15/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad (Sp):

Sak PS28 vert flytta først etter godkjenningssakene. Deretter vert PS 21 handsama.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad vart samrøystes vedteke

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 15/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Møtebok vart godkjend

PS 16/25 Godkjenning av møtebok 20.02.2025

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 16/2025 Godkjenning av møtebok 20.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 20.02.2025 vert godkjend.

Det vart uttrykt ønske frå heradsstyremedlemmene om at administrasjonen, i lag med ordføraren, korrigerer mindre skrivefeil i vedtaka og møteboka.

Votering:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 16/2025 Godkjenning av møtebok 20.02.2025:

Møtebok vart godkjend

PS 17/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 17/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsaker og meldinger vart teken til vitande

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 17/2025 Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande

PS 28/25 Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 28/2025 Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Elevar på Fotlandsvåg skule vert midlertidig flytta til Lonevåg skule frå 22.4.2025.

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt (Ap), Lars Fjelstad(Sp) og Sebastian Haugland (H):

Kommunedirektøren skal på nytt gå gjennom tilgangen på kvalifisert personale. Om situasjonen har endra seg som følge av merksemda saka har fått, skal kommunedirektøren i samråd med arbeidstakarorganisasjonane vurdere om eventuelt tilgjengelig personell vil

sikre forsvarleg drift for både elevar og tilsette ut skuleåret . Dersom det framleis ikkje er mogleg å garantere forsvarleg drift for elevar og tilsette, skal flytting av elevane som beskrive i kommunedirektøren sitt opprinnelege framlegg kunngjerast innan 11.04.25.

Ved ei eventuell flytting av elevane skal kommunedirektøren orientere formannskap og heradsstyre om rekrutteringsarbeidet fortløpande.

Fellesframlegg på vegne av Geir Olsen (Ap), Herdis Helle (Ap), Venstre, Inp og FrP sine representantar:

Osterøy heradsstyre er i sak 28/25 blitt gjort kjent med at det over tid er oppstått ein svært utfordrande situasjon ved Fotlandsvåg skule. Saka vert sendt attende til kommunedirektøren for vidare sakshandsaming. Heradsstyret vil understreka at i budsjettet for 2025 er Fotlandsvåg skule i drift, både i skuleåret 2024/25 og 2025/26. Heradsstyret ber kommunedirektøren om å finna alternative løysingar som inneber at borna ikkje vert sendt til Lonevåg. Kommunedirektøren skal halde levekårsutvalet, formannskapet og heradsstyret orientert om tiltak og vedtak som vert treft.

Grunngjeving:

Fotlandsvåg skule er ikkje nedlagd. Elevane som går der har blitt tildelt skuleplass ved enkeltvedtak. Vedtaka er gjort i medhald av gjeldande forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass og tidlegare kommunale forskrifter som er avløyst av denne. Forskriftene er gitt med heimel i opplæringslova. Dersom det skal gjerast inngrep i retten til å gå på den skulen som elevane er tildelt skuleplass ved [nærskulen], må det skje ved nye enkeltvedtak med heimel i forskrifta om skulekrinsar og opplæringslova. Sakshandsaminga må gjerast i samsvar med dei særskilde reglane som er fastsett der og dei alminnelege sakshandsamingsreglane i forvaltningslova. Kva materielle vurderingar og sakshandsaming som må gjerast, kan variere mellom elevar. Det at vilkåra for å flytte ein eller fleire elevar til ein annan skule enn nærskulen er oppfylt for ein eller nokre, treng ikkje å bety at dei er oppfylte for alle. Heradsstyret har ikkje fått ei godt nok opplyst sak til å gjere slike vurderingar sjølv og er heller ikkje eit eigna organ til å handsame einskildsaker av denne karakteren.

Slik situasjonen er skildra i saksframlegget, ser vi at kommunedirektøren vurderer at arbeidsmiljøet og situasjonen for elevane på Fotlandsvåg skule ikkje lenger er forsvarleg. Fråsegner frå arbeidstakarorganisasjonane og verneombodet byggjer opp under dette. Så lenge vernetenestene ikkje har stengt arbeidsplassen, kan vi likevel ikkje sjå at arbeidsmiljøet til dei tilsette gjev grunnlag for å flytte elevar, utan etter enkeltvedtak etter opplæringslova. Kommunedirektøren må straks setje i verk tiltak for å styrke bemanninga og arbeidsmiljøet på skulen i dialog med organisasjonane, verneombodet og FAU.

Protokollmerknad frå Trygve Tønnessen (Frp):

Er kommunedirektøren enig i at vedtak om skolekrets skal gjøres som kommunal forskrift, hvilket medfører at Justisdepartementets veileder for kommunal forskrift gjelder, og er kommuendirektøren enig i at endringer i skolekretser faller innenfor opplæringsloven § 8-1 hvor det kreves forskrift for vedtakelse av skolekretser slik at endringer også må skje i forskrifts form?

Begrunnelse

I henhold til opplæringsloven § 8 1. ledd skal skolekretsgrenser vedtas ved forskrift, forvaltningsloven kap VII. Det antas at det medfører at endringer i kretsgrensene må skje ved endring av forskrift. Dette vil igjen medføre at nedleggelse av en eller flere skoler som medfører endring av kretsgrensene i en kommune, må etter spørreundersøkelsens oppfatning medføre ordinær prosess for endring av forskrift. Se også vedtak fattet av fylkesmannen i Nord-Trøndelag 17. februar 2005 etter lovlighetskontroll om nedleggelse av skole i Levanger kommune. Den saken er retningsgivende for hvordan skolenedleggelse midlertidig eller permanent skal utøves. En flytting av 48 elever må anses som en midlertidig nedleggelse og hvor en permanent nedleggelse ligger i kortene.

Justisdepartementet har utgitt en egen veileder for forskriftsarbeid i kommunene. I kap. 7.2.3 fremgår at normal høringsfrist ved behandling av kommunal forskrift bør være 2 måneder. Spørsmålsstiller kan ikke se at det lagt ved kopi av kommunens veileder som kan omfatte flytting av elever, herunder midlertidig nedlegging av en skolekrets.

Når det gjelder saksbehandlingen i saker om kretsgrenser, nærmiljøskoler og skolenedleggelser viser jeg i tillegg til rundskriv F-015-99 der dette er nærmere behandlet. Rundskrivet følger vedlagt.

Rundskriv F-015-99

Kommunene, Statens utdanningskontorer

Saksbehandlingen i saker om kretsgrenser, nærmiljøskoler og skolenedleggelser Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet har fått flere henvendelser om nedleggelse av grendeskoler og kommunenes saksbehandling i disse sakene. Sivilombudsmannen har vurdert flere av sakene og har presisert at saksbehandlingsreglene må følges. Det er også gitt av Stortinget en særskilt melding om dette, der det fremholdes betydningen av at de vedtaket direkte gjelder, får anledning til å uttale seg.

Avgjørelsen om å legge ned en skole er ikke enkeltvedtak, og reglene i forvaltningsloven kap. IV, V og VI kommer derfor ikke direkte til anvendelse. Det er likevel et generelt forvaltningsrettslig prinsipp at en sak skal være forsvarlig klarlagt før avgjørelse blir tatt. I en sak om skolenedleggelse midlertidig eller permanent innebærer dette at kommunestyret skal ha rimelig kjennskap til synspunktene til de som berøres av nedleggelsen, før vedtak treffes. Avgjørelsen om skolenedleggelse har stor betydning for foreldre/elever og hele lokalsamfunnet. Det er derfor viktig at kommunen sørger for at saken er så godt utredet som mulig.

I den nye opplæringsloven § 8-1 første ledd annet punktum heter det:

"Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til."

I Ot prp nr 46 (1997-98) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

(opplæringslova) er det sagt følgende om denne bestemmelsen:

"Regelen er delvis ei vidareføring av kompetansen til kommunen i gsl. § 3 nr.2. Forskriftene må halde seg innanfor det som er ei rimeleg tolking av første punktum i lovutkastet. Det vil blant anna seie at forskriftene må åpne for at den vurderingen kommunen gjer av opptaket for ein elev, også tek omsyn til andre forhold enn geografisk nærleik, til dømes å skaffe sysken plass på den same skolen og om skolevegen er farleg.

Departementet legg til grunn at forvaltningslova § 37 inneber at mellom anna foreldrerådet eller samarbeidsutvalet ved dei enkelte skolane skal høyrast før kommunen vedtek forskrifta."

I innstillingen til opplæringsloven uttaler Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen blant annet:

"Komiteen viser til at regulering av kretsgrenser bestemmes av kommunen gjennom forskrift, jf § 8-1. Spørsmålet om skolestruktur og eventuelle nedleggelser av skoler berører foreldre og nærmiljø stort. Komiteen mener det er viktig å gi foreldre mulighet til å uttale seg om disse spørsmål før beslutninger fattes. Komiteen vil i denne sammenheng vise til at departementet i sin kommentar til § 8-1 første ledd andre punktum legger til grunn at forvaltningsloven § 37 innebærer at blant andre foreldrerådet eller samarbeidsutvalget ved de enkelte skoler skal høres før kommunen vedtar forskriften."

Departementet vil understreke betydningen av at kommunene følger saksbehandlingsreglene i behandling av saker om skolestruktur og skolenedleggelser.

Så spørsmålsstiller etterlyser er en den kommunale forskrift for vedtak som ikke har fulgt denne saken.

Utsetjingsframlegg frå Tor Georg Hella(H):

Saken utsettes til 22.april. Behandles da i ekstraordinært møte.

Votering:

Utsetjingsframlegget frå Tor Georg Hella(H) vart vedteke med 15 røyster for og 12 røyster imot.

Røyster for: 7Frp, Geir Olsen (Ap), Herdis Helle (Ap), Tor Georg Hella (H), 2Krf, Odd Roald Ravndal (V), Inp, Sv

Røyster imot: 7Sp, Aksel Mjøs(H), Roald Waldemar Martinsen(H), Sebastian Andre Haugland(H), Ann Kristin Borge (Ap), Alexander Thunestvedt (Ap)

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 28/2025 Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule:

Saken utsettes til 22.april. Behandles da i ekstraordinert møte.

PS 21/25 Høyringsvar - Småkraftverk - Tyssebotn kraftverk

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 21/2025 Høyringsvar - Småkraftverk - Tyssebotn kraftverk:

Ragnar Tyssebotn (Frp) bad om å få vurdert gildskapen sin før saka vart handsama. Ragnar Tyssebotn (Frp) gjekk frå møtet, og Leiv Ragnar Revheim (Frp) tok plassen hans.

Votering:

Ragnar Tyssebotn (Frp) vart kjend ugild med 26 røyster for og 1 røyst imot (Herdis Helle, Ap).

Protokollmerknad frå Trygve Tønnessen(Frp):Ønskjer at protokollen skal innehalde grunngjeving for vurderinga av gildskap/ugildskap.

"En tjenestemann eller folkevalgt er uten videre inhabil når vedkommende er «i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken", jf. § 6 bokstav b.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune motsett seg ikkje at planane vert gjennomført, det er stor trong for meir hydro-elektrisk kraft i samfunnet.

Det må vurderast vilkår som reduserar ulempene med utbygginga slik det går fram i siste kapittel i saksutgreiinga «Forslag til tiltak for å utbetre ulemper ved utbygging».

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle (Ap) og Geir Olsen(Ap):

Osterøy kommune gjev slikt høyringssvar:

Høyring av søknad om Tyssebotn kraftverk – høyringssvar frå Osterøy kommune

Osterøy kommune syner til NVE sitt brev av 21.02. 2025 – Dykkar referanse 202202956-3 – med invitasjon til å gje høyringssvar. Kommunen har fylgjande merknader:

Det er stor trong for meir magasinkraft i Norge, og Osterøy kommune motset seg ikkje det, heller ikkje i vår kommune. Samstundes er det viktig at det i konsesjonsprosessen vert gjort grundige vurderingar av inngrepa utbygging vil medføre, tatt stilling til om alternative utbyggingsmåtar er meir skånsame og stilt vilkår om avbøtande tiltak dersom utbygging vert bestemt.

Om konsesjonssøknaden

Kommunen er kritisk til deler av konsesjonssøknaden. Landbruks, natur-, friluft- og kulturminneverdiane i Tyssebotn og innverknaden tiltaket har på dei er underkommunisert. Søknaden gjev heller ikkje eit dekkande bilete av nosituasjonen kring Nedre Botnavatnet. Vi syner på dette punktet til kommunedirektøren si saksutgreiing som fylgjer vedlagt og vil særskilt framheve:

- På austenden av Nedre Botnavatnet – i Tyssebotn – ligg ein gard med to tun frå om lag år 1600 med slåttemark og innmarksbeite. Den planlangde vegen til kraftstasjonen vil gå over garden. Det er eit skjemmande og uheldig inngrep.
- Den planlangde vegen vil også gå gjennom eit mykje brukt og verdifullt turområde – med sti til Tyssebotn og vidare til Høgafjellet.
- Det er aktiv stølsdrift i vestenden av Nedre Botnavatnet med to stølshus, fjøs og kokehus for geitost produksjon.
- Det er mykje aure i Nedre-Botnavatn, men skrinns bestand i Øvre Botnavatn.
- Det går veg på sydsida av Nedre Botnavatn, nesten inn til Tyssebotn. Denne er ikkje omtalt i konsesjonssøknaden.

Vurdering av alternativ plassering av veg og kraftstasjon

Osterøy kommune meiner at konsesjonssøkar og NVE bør vurdere om eksisterande veg kan oppgraderast, rassikrast, forlengast og takast i bruk til tiltaket, heller enn å etablere ny veg på nordsida av vatnet. Dette vil redusere naturinngrep, inngrep i landbruksareal og kulturminne. For det tilfellet at dette vert aktuelt, må gardsbruk og begge stølar i området få bruksrett til vegen.

Det bør også vurderast å plassere kraftstasjonen på sydsida av elva som kjem ned frå Øvre Botnavatn heller enn på nordsida. Ei slik plassering er meir skånsam med tanke på slåttemarka og dei to bruka i Tyssebotn.

Avbøtande tiltak

Uavhengig av kva alternativ som vert valt for ei eventuell utbygging av kraftstasjon og veg, er det naudsynt med avbøtande tiltak. Både under og etter anleggsarbeid må det takast omsyn til :

- Landbruk, medrekna slåttemark, stølsdrift og beitebruk
- Friluftsinteresser, til dømes stiar, minstevassføring og estetikk relatert til vegar og anlegg

-Fiskebestanden, med fokus på bedre gytetilhøve i både Øvre og Nedre Botnavatn, minstevassføring og definerte bekkar inn i vatnet

-Jakt, anleggsarbeida bør søkast gjennomført på ei tid då det ikkje kjem i konflikt med jakttida.

Framlegg til vedtak frå Johannes Haugland (Sp):

Høyring av søknad om Tyssebotn kraftverk – høyringssvar frå Osterøy kommune

Osterøy kommune syner til NVE sitt brev av 21.02. 2025

Referanse 202202956-3 – med invitasjon til å gje høyringssvar.

Kommunen har fylgjande merknader:

Osterøy kommune motsett seg ikkje at planane vert gjennomført, det er stor trong for meir hydro-elektrisk kraft i samfunnet. Det må vurderast vilkår som reduserar ulempene med utbygginga slik det går fram i siste kapittel i saksutgreiinga .

Forslag til tiltak som bør vurderast for å utbetre ulemper ved utbygging:

Tiltak for å ta omsyn til beitebruk og støls-aktivitet under og etter anleggsarbeid. Tiltak for friluftslivet under og etter anleggsarbeid, oppretthalde stiar. Tiltak for fisk, betre gytetilhøve i begge vatn, til dømes grave nye og definerte bekkar inn i vatna. Auke minstevassføringa, dette for estetikken i landskapet samt sikre rekruttering av fisk i vatnet. Estetiske krav til vegframføring til kraftstasjonen særleg ved tun/innmarksområde. Omsyn til jakt-bruken under anleggsarbeid.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fall med 7 røyster for og 20 røyster imot.

Røyster for: Tor Georg Hella (H), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Jostein Revheim (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Røyster imot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Roy Husebø (INP), Trygve Tønnessen (Frp), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Lars Fjeldstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Odd Roald Ravndal (V), Leiv Ragnar Revheim (Frp)

Framlegg til vedtak frå Johannes Haugland (Sp) vart sett opp mot Herdis Helle (Ap) og Geir Olsen(Ap) sitt framlegg.

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle (Ap) og Geir Olsen(Ap) vart vedteke med 14 røyster for og 13 røyster imot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Sebastian Andre Haugland (H), Roy Husebø (INP), Trygve Tønnessen (Frp), Odd Roald Ravndal (V), Leiv Ragnar Revheim (Frp)

Røyster imot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Tor Georg Hella (H), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Jostein Revheim (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV)

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 21/2025 Høyringsvar - Småkraftverk - Tyssebotn kraftverk:

Osterøy kommune gjev slikt høyringssvar:

Høyring av søknad om Tyssebotn kraftverk – høyringssvar frå Osterøy kommune

Osterøy kommune syner til NVE sitt brev av 21.02. 2025 – Dykkar referanse 202202956-3 – med invitasjon til å gje høyringssvar. Kommunen har fylgjande merknader:

Det er stor trong for meir magasinkraft i Norge, og Osterøy kommune motset seg ikkje det, heller ikkje i vår kommune. Samstundes er det viktig at det i konsesjonsprosessen vert gjort grundige vurderingar av inngrepa utbygging vil medføre, tatt stilling til om alternative utbyggingsmåtar er meir skånsame og stilt vilkår om avbøtande tiltak dersom utbygging vert bestemt.

Om konsesjonssøknaden

Kommunen er kritisk til deler av konsesjonssøknaden. Landbruks, natur- , friluft- og kulturminneverdiane i Tyssebotn og innverknaden tiltaket har på dei er underkommunisert. Søknaden gjev heller ikkje eit dekkande bilete av nosituasjonen kring Nedre Botnavatnet. Vi syner på dette punktet til kommunedirektøren si saksutgreiing som fylgjer vedlagt og vil særskilt framheve:

- På austenden av Nedre Botnavatnet – i Tyssebotn – ligg ein gard med to tun frå om lag år 1600 med slåttemark og innmarksbeite. Den planlangde vegen til kraftstasjonen vil gå over garden. Det er eit skjemma og uheldig inngrep.
- Den planlangde vegen vil også gå gjennom eit mykje brukt og verdifullt turområde – med sti til Tyssebotn og vidare til Høgafjellet.

- Det er aktiv stølsdrift i vestenden av Nedre Botnavatnet med to stølshus, fjøs og kokehus for geitost produksjon.
- Det er mykje aure i Nedre-Botnavatn, men skrinns bestand i Øvre Botnavatn.
- Det går veg på sydsida av Nedre Botnavatn, nesten inn til Tyssebotn. Denne er ikkje omtalt i konsesjonssøknaden.

Vurdering av alternativ plassering av veg og kraftstasjon

Osterøy kommune meiner at konsesjonssøkar og NVE bør vurdere om eksisterande veg kan oppgraderast, rassikrast, forlengast og takast i bruk til tiltaket, heller enn å etablere ny veg på nordsida av vatnet. Dette vil redusere naturinngrep, inngrep i landbruksareal og kulturminne. For det tilfellet at dette vert aktuelt, må gardsbruk og begge stølar i området få bruksrett til vegen.

Det bør også vurderast å plassere kraftstasjonen på sydsida av elva som kjem ned frå Øvre Botnavatn heller enn på nordsida. Ei slik plassering er meir skånsam med tanke på slåttemarka og dei to bruka i Tyssebotn.

Avbøtande tiltak

Uavhengig av kva alternativ som vert valt for ei eventuell utbygging av kraftstasjon og veg, er det naudsynt med avbøtande tiltak. Både under og etter anleggsarbeid må det takast omsyn til :

- Landbruk, medrekna slåttemark, stølsdrift og beitebruk
- Friluftsinnteresser, til dømes stiar, minstevassføring og estetikk relatert til vegar og anlegg
- Fiskebestanden, med fokus på betre gytetilhøve i både Øvre og Nedre Botnavatn, minstevassføring og definerte bekkar inn i vatnet
- Jakt, anleggsarbeida bør søkast gjennomført på ei tid då det ikkje kjem i konflikt med jakttida.

PS 18/25 Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 18/2025 Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval:

«Osterøy kommune vedtek at forslag til endring av Reguleringsplan for Holmane Næring – Fotlandsvåg – planID 4630_12532013004, jf. pbl § 12-8, jf. § 12-14, 1. ledd, blir lagt ut til

høyring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 1. ledd, jf. § 12-10. Som grunngeving for vedtaket vert til vist til saksutgreiing og vurdering under.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 18/2025 Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming:

«Osterøy kommune vedtek at forslag til endring av Reguleringsplan for Holmane Næring – Fotlandsvåg – planID 4630_12532013004, jf. pbl § 12-8, jf. § 12-14, 1. ledd, blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 1. ledd, jf. § 12-10. Som grunngeving for vedtaket vert til vist til saksutgreiing og vurdering under.

PS 19/25 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 19/2025 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial:

Innstilling frå Formannskapet:

Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial vert sendt på offentlig høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik det ligg føre, jfr PBL 4-1

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

KPD Helse, omsorg og sosial vert utvida til å romme mindre planar som for eksempel: temaplan for demens, temaplan for habilitering og rehabilitering, legeplan og temaplan smittervern-pandemiplan. Administrasjonen får fullmakt til å arbeide endringane inn i planprogrammet dersom det let seg gjere.

Dersom planen av forskjellige grunnar ikkje kan inkorporerast i KDP helse, omsorg og sosial eller det er andre planar som kan inkorporerast skal det gjerast greie for i saksframlegget til heradsstyret når planprogrammet vert behandla der.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 19/2025 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial:

Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial vert sendt på offentlig høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik det ligg føre, jfr PBL 4-1

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

KPD Helse, omsorg og sosial vert utvida til å romme mindre planar som for eksempel: temaplan for demens, temaplan for habilitering og rehabilitering, legeplan og temaplan smittervern-pandemiplan. Administrasjonen får fullmakt til å arbeide endringane inn i planprogrammet dersom det let seg gjere.

Dersom planen av forskjellige grunnar ikkje kan inkorporerast i KDP helse, omsorg og sosial eller det er andre planar som kan inkorporerast skal det gjerast greie for i saksframlegget til heradsstyret når planprogrammet vert behandla der.

PS 20/25 Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 20/2025 Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval:

Planprogram for kommunedelplanar for vassforsyning og avlaup med vassmiljø vert godkjent.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 20/2025 Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.:

Planprogram for kommunedelplanar for vassforsyning og avlaup med vassmiljø vert godkjent.

PS 22/25 Tilleggsløyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 22/2025 Tilleggsløyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025:

Innstilling frå Formannskapet 26.03.2025:

Saka om leikeplassen vert sendt med fylgjande innstilling til heradsstyret.

Leikeplass vert flytta til området ved ballbingen i sentrum av Valestrand. Det blir søkt dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablera tiltaket. Budsjettposten på kr 100.000, - vert overflytta til dette tiltaket. Det vert også gitt ei tilleggsløyving på kr. 300.000,- for å kunna realisera leikeplass på denne tomten.

Framlegg til vedtak frå Turid Njåstad(Sp):

Leikeplassen vert ikkje flytta til sentrum av Valestrand.

Budsjettpost på 100 000,- vert brukt på ein aktivitetsflate i forbindelse med dei forsterka bustadane

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle (Ap) og Geir Olsen (Ap):

Leikeplass vert flytta til området ved ballbingen i sentrum av Valestrand. Det blir søkt dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablera tiltaket. Budsjettposten på kr 100.000, - vert overflytta til dette tiltaket. Det vert også gitt ei tilleggsløyving på inntil kr. 300.000,- for å kunna realisera leikeplass på denne tomten. Kommunedirektøren skal gå i dialog med annan grunneigar med rekkjefylgjekrav på leikeplass i området og prøve å få til eit samarbeid om felles leikeplass for å redusere kostnadane.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Turid Njåstad(Sp) fell med 7 røyster for og 20 imot.

Røyster for: Ann Kristin Borge (AP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Jostein Revheim (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Røyster imot: Alexander Thunestvedt (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H),

Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Trygve Tønnessen (Frp), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Lars Fjeldstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Odd Roald Ravndal (V)

Innstillinga frå formannskapet vart sett opp mot framlegget frå Herdis Helle (Ap) og Geir Olsen (Ap).

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle (Ap) og Geir Olsen (Ap) vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 22/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025:

Leikeplass vert flytta til området ved ballbingen i sentrum av Valestrand. Det blir søkt dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablera tiltaket. Budsjettposten på kr 100.000, - vert overflytta til dette tiltaket. Det vert også gitt ei tilleggsøyving på inntil kr. 300.000,- for å kunna realisera leikeplass på denne tomten. Kommunedirektøren skal gå i dialog med annan grunneigar med rekkjefylgjekrav på leikeplass i området og prøve å få til eit samarbeid om felles leikeplass for å redusere kostnadane.

PS 23/25 Barnehagestruktur 2025

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 23/2025 Barnehagestruktur 2025:

Innstilling frå Formannskapet:

Osterøy kommune gjer ingen endringar i barnehagestrukturen på noverande tidspunkt. Administrasjonen startar opp arbeidet med ny barnehagebruksplan om 3 år og gjer då nye vurderingar av behov/struktur. Eksisterande Barnehagebruksplan gjeld til 2030, og Heradstyret handsamar ny Barnehagebruksplan som trer i kraft frå 2030.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 23/2025 Barnehagestruktur 2025:

Osterøy kommune gjer ingen endringar i barnehagestrukturen på noverande tidspunkt. Administrasjonen startar opp arbeidet med ny barnehagebruksplan om 3 år og gjer då nye vurderingar av behov/struktur. Eksisterande Barnehagebruksplan gjeld til 2030, og Heradstyret handsamar ny Barnehagebruksplan som trer i kraft frå 2030.

PS 24/25 Folkevald medverknad i budsjettprosessen

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 24/2025 Folkevald medverknad i budsjettprosessen:

Innstilling frå Formannskapet:

Osterøy kommune tek i bruk tilrådingane for betre folkevald styring og kontroll med budsjett og økonomiprosessane i FoU rapport 887 «Kunnskap gir trygghet, trygghet gir tillit og tillit gir resultater» så langt det høver.

Det vert laga eit årshjul for budsjett og økonomisaker. Årshjulet skal tilpassast den politiske møtekalenderen. For 2025 skal det arrangerast ein dialog/rammekonferanse i mai/juni etter at kommuneproposisjonen og revidert statsbudsjett er lagt fram.

Tilleggsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap):

Hansaming av rekneskapen vert ein del av dialogkonferansen.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

Tilleggsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap) vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 24/2025 Folkevald medverknad i budsjettprosessen:

Osterøy kommune tek i bruk tilrådingane for betre folkevald styring og kontroll med budsjett og økonomiprosessane i FoU rapport 887 «Kunnskap gir trygghet, trygghet gir tillit og tillit gir resultater» så langt det høver.

Det vert laga eit årshjul for budsjett og økonomisaker. Årshjulet skal tilpassast den politiske møtekalenderen. For 2025 skal det arrangerast ein dialog/rammekonferanse i mai/juni etter at kommuneproposisjonen og revidert statsbudsjett er lagt fram.

Hansaming av rekneskapen vert ein del av dialogkonferansen.

PS 25/25 Val av råd til Osterøy frivilligsentral 2025

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 25/2025 Val av råd til Osterøy frivilligsentral 2025:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker:

Kjell Mjøs 1 år

Elin Hetlevik 2 år

Bjarte Andre Lohne 1 år

Ragnhild Balsvik 1 år

Daniel Fossbakken 1 år

Frå leverkårsutvalet.

Renathe Tangen 2 år

Votering:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 25/2025 Val av råd til Osterøy frivilligsentral 2025:

Kjell Mjøs 1 år

Elin Hetlevik 2 år

Bjarte Andre Lohne 1 år

Ragnhild Balsvik 1 år

Daniel Fossbakken 1 år

Frå leverkårsutvalet.

Renathe Tangen 2 år

PS 26/25 Retningslinjer for fritidskasse

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 26/2025 Retningslinjer for fritidskasse:

Innstilling frå Levekårsutvalet

Retningslinjer for fritidskasse vert lagt ut på høyring.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 26/2025 Retningslinjer for fritidskasse:

Retningslinjer for fritidskasse vert lagt ut på høyring.

PS 27/25 Reglement for spørsmål frå folkevalde

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 27/2025 Reglement for spørsmål frå folkevalde:

Innstilling frå Formannskapet 26.03.2025:

Reglement for spørsmål frå folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.

Saka vert sendt heradsstyret med følgjande endringar.

Ei klargjering av kva som er kurant og ukurant paragraf 2.1 oppfølgingsspørsmål.

Setninga «Om eit spørsmål er vurdert til å vera ukurant, vil spørsmålet leggst ved saka utan svar.» Vert erstatta med setninga «Om eit spørsmål er vurdert til å vera ukurant, vil spørsmålet leggst ved saka med eit kort mellombels svar.» I paragraf 2.1.

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad (Sp):

Nytt reglement for spørsmål frå folkevalde vert som fylgjer:

REGLEMNT FOR SPØRSMÅL FRÅ FOLKEVALDE

§1 Føremål

Reglementet har som føremål å sikre folkevalde si rett til å stilla spørsmål til møteleiaren i samband med møte i politiske organ, jmf. kommunelova §11-2, fjerde ledd og at innhaldet på svaret gitt er forsvarleg utreda jmf. kommunelova §13-1, tredje ledd.

Reglementet skal og legges til rette for at alt saksgrunnlag som folkevalde brukar til å fatte vedtak er tilgjengeleg og offentleg for alle jmf. kommunelova §11-3, tredje ledd.

§2 Formkrav og inndeling

Alle spørsmål skal stillast til møteleiaren og svarast ut i samband med eit møte i eit politisk organ. Spørsmålsstillar må difor i førespurnaden sin spesifisere i kva organ ein ynskjer å få svart ut spørsmålet sitt. Møteleiaren kan og la kommunedirektøren eller representant for kommunedirektøren svara.

Om ein ynskjer svar i komande møte, skal spørsmål sendast skriftleg til politisk@osteroy.kommune.no seinast to virkedagar før møte.

Ein skiljer mellom tre typer spørsmål:

- a. Oppklaringsspørsmål
- b. Generelle spørsmål
- c. Uanmelde munnlege spørsmål

§2.1 Oppklaringsspørsmål

Oppklaringsspørsmål er spørsmål knytt til ei sak på sakskartet. Desse må vera enkle og oppklarande samt ikkje krevja utgreiing for å svara ut. Ved tvil er det møteleiaren som avgjer om eit oppklaringsspørsmål er enkelt eller ikkje.

Oppklaringsspørsmål vert besvart skriftleg og fortløpande lagt ved ilag med svaret som vedlegg til saka. Om eit spørsmål er vurdert til å vera for omfattande som beskrive i første ledd, vil spørsmålet leggest ved saka med eit kort mellombels svar.

Om spørsmålsstillar ynskjer å stille spørsmåla munnleg, eller kommentere svaret som er gitt, kan representanten teikna seg i debatten til den aktuelle saka.

§2.2 Generelle spørsmål

Generelle spørsmål er enkle spørsmål om kommunen si verksemd. Førespurnader av prinsipiell art der det er behov for meir omfattande svar, utgreiing frå administrasjonen og eventuell debatt, vert behandla som interpellasjon, sjå § 20 i reglement for Heradsstyre.

Møteleiar skal ved godkjenning av innkalling og sakliste gjere greie for alle spørsmål som er kome inn til møtet og opplyse om kven som er spørsmålsstillar og kva som er tema for spørsmålet.

Generelle spørsmål og svar på desse vert lagt ved i sakspapira fortløpande og handsama under saka «Andre saker/spørsmål». Generelle spørsmål og svar på desse vert og ført i møteprotokollen.

Ved handsaming av spørsmål kan den som spør og den som svarar ha eitt innlegg kvar. Ingen andre skal ha ordet og det er ikkje høve til debatt knytt til spørsmål og svar. Om spørsmålsstillar har forfall til møtet, kan vedkommande be at handsaminga vert utsett til neste møte eller gje taleretten til ein annan innkalla representant.

§2.3 Uanmelde munnlege spørsmål

Kommunelova §11-2, fjerde ledd opnar for at medlemmene i eit politisk organ og har rett til å stilla spørsmål uanmeldt. Om eit medlem ynskjer å stille eit spørsmål, må vedkommande teikna seg til debatt under saka «Godkjenning av innkalling og sakliste», ta ordet og gjere greie for at ein har eit spørsmål og kva tema for spørsmålet er. Representanten får då ordet i saka «Andre saker/spørsmål» og får då høve til å stille spørsmålet sitt til møteleiaren.

Møteleiaren kan då gje sitt svar, eller la kommunedirektøren eller representant for kommunedirektøren svara. Ved handsaming av uanmeldte spørsmål kan den som spør og den som svarar ha eitt innlegg kvar. Ingen andre skal ha ordet og det er ikkje høve til debatt knytt til spørsmål og svar.

Uanmeldte munnlege spørsmål skal svarast på så langt det er mogleg. Om møteleiar vurderer det slik, kan eit kort mellombels svar gjevast i møte, medan skriftleg svar vert lagt ved sakspapira til neste møte.

Munnlege spørsmål vert protokollført av møtesekretær.

§ 3 Unntak

Unntak frå §1 gjeld ved spørsmål knytt til handsaming av Budsjett og økonomiplan. Framgangsmetode for spørsmål her er regulert i «Retningslinjer for budsjettarbeid i Osterøy kommune»

Dette erstattar §19 i reglement for heradsstyret og fylgjande tekst:

"og svar på spørsmål frå

representantane. Spørsmål frå representantane ein ønskjer svar på i førstkommende møte skal vera

melde til kommunedirektøren seinast ei veke før møtet."

I §22 i same reglement.

Kommunedirektøren får fullmakt til å innarbeide teksten i Politisk Styringstruktur og Reglement.

Fellesframlegg frå Geir Olsen (Ap) og Herdis Helle (Ap):

Gjeldande spørsmålsreglement vert vidareført, men med fylgjande tillegg i § 19;

Føresegna gjeld, så langt ho høver, tilsvarande for spørsmål til møteleiarane i formannskapet og kommunale utval.

Votering:

Framlegget frå Lars Fjelstad (Sp) vart sett opp mot fellesframlegget frå Geir Olsen (Ap) og Herdis Helle (Ap).

Framlegget frå Fjelstad vart vedteke med 16 røyster for og 11 røyster imot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Jostein Revheim (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV)

Røyster imot: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Trygve Tønnessen (Frp), Odd Roald Ravndal (V)

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 27/2025 Reglement for spørsmål frå folkevalde:

REGLEMNT FOR SPØRSMÅL FRÅ FOLKEVALDE

§1 Føremål

Reglementet har som føremål å sikre folkevalde si rett til å stilla spørsmål til møteleiaren i samband med møte i politiske organ, jmf. kommunelova §11-2, fjerde ledd og at innhaldet på svaret gitt er forsvarleg utreda jmf. kommunelova §13-1, tredje ledd.

Reglementet skal og legge til rette for at alt saksgrunnlag som folkevalde brukar til å fatte vedtak er tilgjengeleg og offentleg for alle jmf. kommunelova §11-3, tredje ledd.

§2 Formkrav og inndeling

Alle spørsmål skal stillast til møteleiaren og svarast ut i samband med eit møte i eit politisk organ. Spørsmålsstillar må difor i førespurnaden sin spesifisere i kva organ ein ynskjer å få svart ut spørsmålet sitt. Møteleiaren kan og la kommunedirektøren eller representant for kommunedirektøren svara.

Om ein ynskjer svar i komande møte, skal spørsmål sendast skriftleg til politisk@osteroy.kommune.no seinast to virkedagar før møte.

Ein skiljer mellom tre typer spørsmål:

- a. Oppklaringsspørsmål
- b. Generelle spørsmål
- c. Uanmelde munnlege spørsmål

§2.1 Oppklaringsspørsmål

Oppklaringsspørsmål er spørsmål knytt til ei sak på sakskartet. Desse må vera enkle og oppklarande samt ikkje krevja utgreiing for å svara ut. Ved tvil er det møteleiaren som avgjer om eit oppklaringsspørsmål er enkelt eller ikkje.

Oppklaringsspørsmål vert besvart skriftleg og fortløpande lagt ved ilag med svaret som vedlegg til saka. Om eit spørsmål er vurdert til å vera for omfattande som beskrive i første ledd, vil spørsmålet leggest ved saka med eit kort mellombels svar.

Om spørsmålsstillar ynskjer å stille spørsmåla munnleg, eller kommentere svaret som er gitt, kan representanten teikna seg i debatten til den aktuelle saka.

§2.2 Generelle spørsmål

Generelle spørsmål er enkle spørsmål om kommunen si verksemd. Førespurnader av prinsipiell art der det er behov for meir omfattande svar, utgreiing frå administrasjonen og eventuell debatt, vert behandla som interpellasjon, sjå § 20 i reglement for Heradsstyre.

Møteleiar skal ved godkjenning av innkalling og sakliste gjere greie for alle spørsmål som er kome inn til møtet og opplyse om kven som er spørsmålsstillar og kva som er tema for spørsmålet.

Generelle spørsmål og svar på desse vert lagt ved i sakspapira fortløpande og handsama under saka «Andre saker/spørsmål». Generelle spørsmål og svar på desse vert og ført i møteprotokollen.

Ved handsaming av spørsmål kan den som spør og den som svarar ha eitt innlegg kvar. Ingen andre skal ha ordet og det er ikkje høve til debatt knytt til spørsmål og svar. Om spørsmålsstillar har forfall til møtet, kan vedkommande be at handsaminga vert utsett til neste møte eller gje taleretten til ein annan innkalla representant.

§2.3 Uanmelde munnlege spørsmål

Kommunelova §11-2, fjerde ledd opnar for at medlemmene i eit politisk organ og har rett til å stilla spørsmål uanmeldt. Om eit medlem ynskjer å stille eit spørsmål, må vedkommande teikna seg til debatt under saka «Godkjenning av innkalling og sakliste», ta ordet og gjere greie for at ein har eit spørsmål og kva tema for spørsmålet er. Representanten får då ordet i saka «Andre saker/spørsmål» og får då høve til å stille spørsmålet sitt til møteleiaren.

Møteleiaren kan då gje sitt svar, eller la kommunedirektøren eller representant for kommunedirektøren svara. Ved handsaming av uanmeldte spørsmål kan den som spør og

den som svarar ha eitt innlegg kvar. Ingen andre skal ha ordet og det er ikkje høve til debatt knytt til spørsmål og svar.

Uanmeldte munnlege spørsmål skal svarast på så langt det er mogleg. Om møteleiar vurderer det slik, kan eit kort mellombels svar gjevast i møte, medan skriftleg svar vert lagt ved sakspapira til neste møte.

Munnlege spørsmål vert protokollført av møtesekretær.

§ 3 Unntak

Unntak frå §1 gjeld ved spørsmål knytt til handsaming av Budsjett og økonomiplan. Framgangsmetode for spørsmål her er regulert i «Retningslinjer for budsjettarbeid i Osterøy kommune»

Dette erstattar §19 i reglement for heradsstyret og fylgjande tekst:

"og svar på spørsmål frå

representantane. Spørsmål frå representantane ein ønskjer svar på i førstkommande møte skal vera

melde til kommunedirektøren seinast ei veke før møtet."

I §22 i same reglement.

Kommunedirektøren får fullmakt til å innarbeide teksten i Politisk Styringstruktur og Reglement.

PS 29/25 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 29/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 29/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

EV 1/25 Evaluering /

Handsaming i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 1/2025 Evaluering:

Vedtak i Heradsstyret - 03.04.2025 av sak 1/2025 Evaluering:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.